## NAMNEDAG

I dag har **Ansgar** og **Asgeir** namnedag.

Ansgar er eit mannsnamn med gammelhøytysk opphav og er samansett av ledd som betyr «gud» og «spyd». En nordisk form av namnet er Åsgeir, og Asgeir. Namnet Ansgar er kjent brukt i Danmark frå 1100-talet og i Sverige frå 1830. I dag heiter 327 norske menn Ansgar.

Osgar eller Osgeard er kjent brukt i England frå 800-talet til 1000-talet. ÁsgæiRR og ÆsgæiRR er kjent brukt i 20 runeinnskrifter frå vikingtida, så namnet var antakeleg vanleg i Norden på den tida. I dag heiter 1151 norske menn Asgeir.

I morgon har **Veronika** og **Vera** namnedag.

Veronica og Veronika er latinske kvinnenamn, truleg med opphav i det greske Berenike, 'sigersbringande'. Namnet er også blitt tolka som ei samansetting av vera, 'sant' og icon, 'bilde'. Forklaringa passar med soga om den heilage Veronika, som skal ha fått ei avbilding av Jesus på ein duk ho tørka blodet hans med. I dag heiter 1457 norske kvinner Veronika, 3713 Veronica.

Vera er eit kvinnenamn knytt til slaviske ord for 'tru'. Namnet kan også visa til den latinske og italienske forma for 'sann', koma frå albansk verë, 'sommar', eller vera ei kortform av Veronika. 2143 norske kvinner heiter Vera.

**Skjer det noko i din organisasjon eller i ditt lag?**

Har arbeidsplassen din fått nye tilsette, eller skjer det noko spennande i nærmiljøet? Skriv til «Kystfolk», Firdaposten, boks 38, 6901 Florø. Det kostar ingenting å få nokre ord på trykk.

**Ønskjer du ikkje dagen din i åremålspalta**, ring oss i god tid på førehand, tlf. 57 75 73 00.

**Ønskjer du å kjøpe bilde?**

Har du sett eit bilde i Firdaposten som du ønskjer ein kopi av? Send e-post til foto@firdaposten.no eller ring oss på tlf. 57 75 73 00.

Bilda vert trykte på glansa fotopapir i A4-storleik.

# Kjem for å fortelje om oselvaren

**FLORØ: På Kystmuseet torsdag 9. februar held forfattar Kjell Magnus Økland foredrag om oselvaren.**

I oktober gav Økland ut boka om Oselvaren. Den tradisjonelle klinkbygde trebåten har vore i bruk i mange hundre år langs den sørvestlandske kyststripa, og båttypen har røter fleire tusen år attende.

Den tradisjonelle strilabåten er Noregs nasjonalbåt og i desember vart bygging og bruk av Oselvaren oppført på UNESCO si liste over gode vernepraksisar i immaterielt kulturvern. Kjell Magnus Økland var den som på oppdrag for Oselvarverkstaden skreiv nominasjonsframlegget til UNESCO.



**OSELVAR:** *I Makkavaulen nord på Risøya.* **ARKIVFOTO: HARALD J. STAVANG**



PONDUS






HÅREK






EON




FLORA SAMFUNNSHUS KINO



KINGS BAY NO
1 t. 34 min. 9 år
**Fredag 3.02 kl. 19.30**
**Søndag 5.02 kl. 21.00**
**Tirsdag 7.02 kl. 20.15**



VAIANA AM
1 t. 53 min. 6 år
**Lørdag 4.02 kl. 13.00**
**Søndag 5.02 kl. 16.00**
**Tirsdag 7.02 kl. 18.00**



MARCUS & MARTINUS - SAMMEN OM DRØMMEN NO
1t 20m alle
**Lørdag 4.02 kl. 15.20**



LION AM
1 t. 58 min. 9 år
**Søndag 5.02 kl. 18.30**

**Billettar:**
*www.florasamfunnshus.no*
**Tlf. 57 75 60 00**